
Fra: Kjell Reigstad <kjell@reigstadbygg.no>
Sendt: onsdag 16. januar 2019 13:09
Til: Eilin Houlison Molvik
Kopi: Reigstad Bygg og Eigedom; Inge A. Johannessen; arvidrik@yahoo.no; 'Trond Bertelsen'
Emne: SAK: 18/3796- BK01 Sundeheim Tvist om rettar og erklæringar
Vedlegg: Tilbaketrekking av erklæring 09112017.pdf; 2_Hva-må-være-sikret-før-tillatelse-gis-etter-PBL.pdf

Hei.

Vi ser av sak 18/3796 at Ansvarleg søkjar har sendt førespurnad til kommunen om erklæring frå Kubbaleitet sameige for VVA kan nyttast i byggesak for BK01 Sundeheim. Vi er kjend med at kommunen har svart positivt til ansvarleg søkjar at innsendt erklæring frå sameige kan nyttast.

Vi vil gjere kommunen merksam på at det er privatrettsleg tvist om desse rettane.

Vedlagt finn de tilbaketrekking av erklæring om er gjeve frå sameige Kubbaleitet datert **09.11.2017**.

Elles viser vi til at kommunen i utgangspunktet skal krevje tinglyst dokument eller «anna dokument som kommunen kan godta.»

Vilkåret for dette er mellom anna at det ikkje er tvil om rettigheiten og at dokumentet må kunne tinglysast. (Sjå utgreing frå Fylkesmannen vedlagt)

Vi meiner vidare at gjeve erklæring ikkje kan tinglysast:

Vi har fått ei vurdering av advokat [Johan Riisøen](#).

Han har i si vurdering mellom anna peika på:

Det er ikkje gjeve ut originaldokument (erkæringa er scanna kopi) tinglysninga/kartverket krev originaldokument.

Der er ikkje påført personnummer for dei som har underteikna erklæringa

Det står ikkje på erklæringa at den kan tinglysast på eigedomen.

Erkæringa er skreive ut til gbnr 137/120 og 137/730. Desse eksisterer ikkje lengre/er samanføyd med/til gbnr 137/203. Dokumentet kan difor ikkje tinglysast utan at dette endrast.

Oppsummert skriv han:

Slik dokumentet jeg har mottatt fremstår i dag kan det ikke tinglyses. I utgangspunktet kan eier av Bnr 203 reparere dette ved å endre på bruksnummer som mottar rett, fylle inn personnummer på styremedlemmer og skrive inn bestemmelse som gir rett for tinglysning på 103. Tinglyses først dokumentet blir det en etterfølgende runde med spørsmål om Bnr 203 var berettiget til å gjøre slike endringer. Jeg mener at Bnr 203 ikke har rett til å endre dokumentet, og at en eventuell korrigerings av dokumentet uten samtykke fra styret vil kunne være dokumentfalsk.

Vi ber om at kommunen krev tinglyste dokument i høve rettigheter i denne saka.

Vi ber om at kommunen gjer om på si vurdering i høve spørsmål frå Ansvarleg søkjar.

Vedlegg:

tilbaketrekking av erkæring
Utdrag frå Fylkesmannen.

med helsing

Kjell Reigstad

Reigstad bygg og Eigedom as
Dirtlf: 977 47 964
Epost: Kjell@reigstadbygg.no
Heimeside: www.reigstadbygg.no